



Innspel frå

VOLDA PENSJONISTLAG

til kommuneplanen sin samfunnsdel



Volda kommune

25.01.2015

Innhald

Innleiing og metode	s. 3
Kva viser du fram til besøk som aldri har vore i Volda før?	s. 4
Kva type bustadar er det behov for i Volda, og kvar?	s. 5
Korleis legge til rette for gode bumiljø for eldre?	s. 6
Korleis ta vare på og utvikle gode kulturtilbod for eldre i Volda?	s. 7
Korleis nytte innvandrarak som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?	s. 8
Korleis nytte eldre som ressursar?	s. 8
Korleis førebygge einsemd og livstilssjukdommar hos eldre?	s. 9
Kva skal til for å få DEG til å gå eller sykle meir i kvardagen?	s. 10
Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?	s. 11
Korleis gjere Volda sentrum meir attraktivt for eldre?	s. 11
Kva kan Volda kommune gjere for å begrense klimautslepp og ta vare på miljøet?	s. 12
Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa i Volda?	s. 12
Kva tenester er Volda kommune gode på?	s. 13
Kva tenester bør Volda kommune verte betre på?	s. 13
Korleis kan kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?	s. 14
Andre innspel til kommuneplanen	s. 14
Gjentakande svar/oppsummering	s. 15

Innleiing og metode

Som ein del av medverknadsopplegget knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel vart det hausten 2015 sett i gang eit prosjekt kalla "Folk i gata", med hovudmål å samle innspel til kommuneplanarbeidet. I samband med dette vart det laga eit oppgåveark med 15 spørsmål knytt til kommuneplanen, som vart delt ut på møte i Volda pensjonistlag 25. november 2015. Pensjonistar og eldre menneske er ein viktig del av befolkninga i Volda, og det er forventa at denne befolkningsgruppa vil auke i framtida. Difor var det ynskjeleg å høyre deira tankar om utvikling i kommunen. Spørsmåla vart i hovudsak henta frå planprogrammet, men tilpassa noko til eldre. For at ikkje spørsmålsarket skulle virke veldig tidkrevande vart det presisert at deltakarane kunne svare på så mange spørsmål dei ville.

Dette heftet inneheld innspel frå Volda pensjonistlag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det kom inn 38 svar fordelt slik:

Kvinner: 26

Menn: 8

Ikkje kryssa av kjønn: 4

Dei inkomne innspela er samla og sortert etter tema. Innspela vart skrive både på bokmål og nynorsk. Det er lagt vekt på å vidareføre innspela så "autentiske" som mogleg, og dokumentet inneheld difor ein blanding av skriftmål.

Bakerst i heftet er det forsøkt å lage eit kort samandrag, med utgangspunkt i gjentakande svar.



Volda pensjonistlag svarar på spørsmål knytt til kommuneplanen.

Kva viser du fram til besøk som aldri har vore i Volda før?



Ordskeya er laga med utgangspunkt i det deltakarane har svart på spørsmålet. Jo fleire som har svart det same, jo større syner ordet.

Kva type bustadar er det behov for i Volda, og kvar?

Bustadar i sentrum.
Leiligheiter i sentrum.
Leilegheiter i sentrum.
Fleire leiligheiter i sentrum.
Sentrumsnære sameigebustadar.
Sentrumsnære leiligheiter.
Sentrumsnære leiligheiter.
Sentrale leiligheiter.
Sentrumsnære leiligheiter.
Leiligheiter sentralt.
Sentrumsbustader.
Boligblokker sentralt for eldre oppegåande.

Mange eldrebustadar i sentrum!
Meir eldrebustadar i sentrum.
Eldrebustadar i sentrum.
Eldrebustadar i sentrum.
Lettvinte leiligheiter for eldre, sentrumsnære og nær offentlege tenester; lege etc.
Det er,- og blir stort behov for sentrumsnære husvære for eldre som ynskjer å flytte frå store hus. Det er også stort behov for husvære av type, omsorgsbustadar der det er døgnvakt.

Eldrebustadar på bygdene.
Gjennomgangsbustadar på bygdene. Lauvstad.

Bustadar for eldre.
Eldrebustader.
Eldrebustadar.
Eldrebustad.

Familiebustadar, rimelege husvære for unge, husvære for asylsøkarar.
Einebustadar for yngre familier.
Husvere for familiar med born.

Leiligheiter i småhus.
Meir leiligheiter.
Blokkbustader.
Ulike bustadtyper.

Korleis legge til rette for gode bumiljø for eldre?

Nær samlingsstadar.
Sentral beliggenhet.
Leiligheiter sentralt.
Flere leiligheiter nært sentrum.
Bustadar nær sentrum.
Flere bustadar, -leiligheiter i sentrum.
Flere sentrumsnære boligar.
Sentrumsnære leiligheiter (Skjellebreida er eit døme på det).

I blokker bør det vere fellesareal ute og inne der bebuarane kan møte kvarandre.
Bufellesskap for eldre sentralt.
Bufellesskap.
Store bueningar.
Bu saman med andre som har same interesser. Farleg å bli einsam.
Eg er usikker på korleis ein skal legge til rette,- men det trengs enkle, sikre bustadar.

Få hjelp når dei treng det.
Heimehjelp.
Meir heimetenester.
Nok pleiestader for alle som treng hjelp.

Transportmogleighet.
Bustadar der Ringruta kan køyre.
Buss – butikkar.
Gode trafikktilhøve.

TRIVSEL. Muligheter for utvikling.
At eldre får vere med i aktiv kultur – og delta i fysisk aktivitet – tilpassa kvar enkelt.
Ta dei eldre med på råd.



"Det bør vere fellesareal ute og inne der bebuarar kan møte kvarandre". Foto: Sunniva Osdal.

Korleis ta vare på og utvikle gode kulturtilbod for eldre i Volda?

Må få eit kulturhus!

Kulturhus!

Då må vi ha nytt kulturhus.

Bygge kulturhus.

Få eit nytt kulturhus.

Få i stand kulturhus!

Ta vare på dei ressursane vi har, bygging av arena.

Samfunnshus – til konsertar etc.

For mange er det eit spørsmål om å kome seg til dei tilboda som finst. Mange som ikkje køyre bil.

Her er mange bra tiltak, men det er ikkje så enkelt for eldre å kome seg dit.

Ting kan skje på dagtid.

Kino på dagtid og andre tilbod på dagtid.

For eldre som ikkje lett kjem til om kvelden er dagtilbod det beste.

Legge til rette for eldre så det kan bli et senter med kafe og sosialt samvær.

Det hadde vore kjekt om her hadde vore noke som dei eldre fekk gå å hygge seg i lag. So som dei har i Ørsta på Bakke Ola marka.

Ta vare på aktivitetar som er i dag, og vidareutvikle variasjonar i tilbodet.

Ta vare på det vi har og oppmuntre dei som vil noe.

Her er mange konsertar.

Her er av og til seniorkino.

Her er mange kristne forsamlingar der alle er velkomne.

Røde kors eldrekafe kvar tysdag.

Pensjonistmøte.

Pensjonistlag ol.

Grendalag.

Kanskje kommunen kan hjelpe til med godt samarbeid mellom dei ulike frivillige organisasjonane og at dei ulike grendalaga kan fungere godt.

Desse må ein få organisasjonane til å ta opp og så passe på at ein kjem fram med tilboda til dei som treng det.

Innføring av fleire trimtilbod. Gjerne trimutgifter på blå resept! Viseklubb for unge og eldre i lag.

Gode kulturprogram frå eldre tider så ofte som råd er.

Dei som driv med song, musikk ol. vitjar dei eldre.

Film, foredrag mm. er bra!

Gje ressursar til dei aktuelle tilboda. Kulturtilbod strandar stort sett på økonomi.

Veit ikkje.

Korleis nytte innvandrarar som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?

Skape møtepunkt.

Ein må få innvandrane inn i organisasjonane og prøve å få fram eit samarbeid innvandrar – fastbuande som kan integrere innvandrarar på ein positiv måte.

Lag og organisasjonar bør invitere til medlemskap.

Ved å ta dei med i foreningar og aktivitetar.

Gjerne som frivillige til å hjelpe til med vaktmeistertiltak for eldre.

Dei innvandrane som har lyst til å gje hjelp til eldre og/eller andre som har behov, bør få gjere det.

Tilføre nye impulsar som da he bygging av samhandlingsarena.

Skaffe dei arbeid.

Sørge for at der er arbeidsoppgåver som dei kan meistre.

La dei ta del i lokalsamfunnet så fort som mogleg. Busette dei på bygdene. Skape lokale arbeidsplassar.

God norskopplæring.

Å fyrst lere dei norsk – det er betingelsen for integrering.

Når dei har lært språket vårt kan dei nok vere ressursar på det aller meste.

Kontakte dei og få vite kva som interesserar dei.

Integrere.

Hjelpe til at dei kan få verte integrert i lokalmiljøet.

Veit ikkje.

Korleis nytte eldre som ressursar?

I integreringsarbeidet, i barnefritidsordning.

Ved besøk på skular å fortelja om livet før, og hendingar som har gått føre seg.

Dei unge kan lære av dei eldre. Meir kontakt vert oppretta.

Hjelpe kvarandre.

Dei som har helse til det kan gjerne vere besøksteneste.

Hjelp til sjølvhjelp mellom dei eldre.

Gi dei tilbod om oppgåver dei kan meistre.

Ta dei med i råd.

Nytte alle deira ressursar – deltaking.

Det er mange ting alt etter kva ein klarar.

Ta vare på dei som vil vere aktive og gi dei støtte.

Spørje dei om dei er interessert.

Korleis førebygge einsemd og livsstils- sjukdommar hos eldre?

Ha ein besøksven.

Besøke kvarandre meir.

Meir besøk.

Aktive kontaktnett.

Dei som har overskudd må dele tid med andre.

Dei eldre bør få besøk, skipa til samlingar for eldre, som eldrekafé.

Ved vitjing og kontakt på ymse måtar.

Møteplassar – aktivitetssenter.

Skape møteplassar.

Aktivitetar for eldre og møteplassar.

Ha omgangsvenner,- for eksempel delta på pensjonistmøte og liknande.

Gå på eldrekafé på Røde kors kvar tysdag frå kl. 11-13.

Oppmuntre til å delta i t.d. eldreuniversitetet og pensjonistlaget.

Først og fremst må ein få kontakt med den einskilde eldre, og så må ein prøve å få den einskilde integrert til å delta i aktivitetar.

Få dei til å ta del i dei tilboda som er, viss dei er åndeleg og lekamleg friske!

Ha meir formiddagstreff – kafear.

Sentrale lokaler der eldre kan møtast (i sentrum). Samfunnshuset er ikkje bra nok. Vi trenger eit kulturhus!

Her skulle vore eit eldersenter, der ein kunne kjøpe seg mat og treffe andre i same situasjon. Mest mogleg sentralt og ope alle dagar. Å møte andre er livsviktig.

Aktivisere dei.

Aktivisere dei.

Aktivisere dei eldre.

Aktivt arbeid.

Få folk ut på tur.

Vere meir i lag med andre og gå tur!

Store gode leiligheitskompleks, sentralt i Volda.



Aktive eldre. Foto: Per Ernst Lundberg.

Kva skal til for å få DEG til å gå eller sykle meir i kvardagen?

Gode fortau og sykkelstier.

Gode vegar og stiar.

Gode gå, sykkelstiar.

Då må det verte gangvegar.

Betre gå/sykkelvegar!

Fleire gang- og sykkelvegar.

Fleire turstiar – t.d. tursti rundt Rotevatnet.

Fleire sykkelstiar i/ved sentrum.

Bygge sykkelstiar.

At andre tek meg med.

Stadar vi kan møtast og gå saman.

Motivasjon samane med andre.

Å få gå saman med andre.

Vi kan gjerne gå eller sykle i grupper.

Å verte meir aktiv i Volda.

Betre helse.

Betre ver og føre.

Det er opp til den enkelte.

Eg går ein god del.

Eg går der og dit eg klarar.

Eg går mykje kvar dag, eg har ikkje bil.

Det er tidsavgrensa kor lenge ein kan sykle. Her er gode turvegar å spasere på.

Eg går kvar dag når det er mogleg. Ein times tur så sant det ikkje er glatt på vegane.

Det er berre eg sjølv som kan få det til! Eg er både lekamleg og truleg åndeleg frisk, og tek del i m.a. eldretrim, seniordans.



Korleis få eldre (og andre) til å gå meir i kvardagen?

Kva element er viktige for Volda sitt særpreg og identitet?

Samhald.

Samansetninga av innbuarane er grunnlaget – aktivitetar og bakgrunn av bebuarar.

Alle fine turvegane er bra.
Stadar ved fjorden.
Elvadalen og området rundt.
Natur.

Gamle hus!

Ta vare på skulane og kyrkja som vel er den finaste bygninga i Volda.

Høgskulen.

Sjukehuset og høgskulen.

Prøve å bevare eksisterande butikkar.

Rydd opp i sentrum!

Korleis gjere Volda sentrum meir attraktivt for eldre?

Meir sitteplassar.

Sett ut benkar som ein kan sette seg på.

Kanskje litt fleire benkar og blomekasser.

Meir parkar og benkar.

Benkar og sitteplassar, blomster.

Benkar der vi kan sitte og kvile. Er komet ein del nå.

Betre gangvegar, små avstressande benk/grøntareal. Små kafear!

Satse meir på møteplassar i sentrum, parkanlegg, fleire benkar, blomster etc.

Møteplassar.

Møteplassar for eldre.

Ta vare å utvikle treffpunkter – Westre, Teria, Hamna etc.

Gode vegar – bussrutar.

Mindre biltrafikk og fleire møteplassar.

Er det ikkje det vi held på med nå? Ta bort fortauskantar.

Fleire leiligheiter!

Lage leiligheiter som ein kan kjøpe, og så selje husa ein bur i som er vanskelege å halde.

Meir kultur.

Nytt kulturhus.

Nok lys i vinterhalvåret.

Eg synest her er kjekt.

Eg trivst her.

Kva kan Volda kommune gjere for å begrense klimautslepp og ta vare på miljøet?

Begrensing av privatbilisme i sentrum.
Redusert biltrafikk i sentrum (mange køyrer frå butikk til butikk).
Kan godt koste litt å parkere i sentrum.

Betre busstilbod.
Tilbod på gratis buss, - fleire til og frå sentrum og Ålesund for å rå med misbruk av bilkøyring.
Betre kollektivtrafikk og drosjetilbod.

Hindre gjengroing, mindre granplanting.

Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa i Volda?

Få meir interesse hos dei unge til å bli bøndar.
Gi dem som driv i det små støtte og hjelp.
Styrke bøndene sine interesser.
Gi bøndene betre vilkår.
Drive gardsbruk.

Ikkje bygge på dyrka mark meir enn naudsynt.
Ikkje bygge hus på dyrka mark.

Lokal matproduksjon og lokale salskanalar for landbruksprodukt, for eksempel bondens marknad.

Det må høgast meir store tre i Volda sentrum. Vi ser nesten ikkje noko for høge tre.

Kvifor? Det er ikkje landbruket som opprettheld busetting på bygdene.
Landbruket i Volda sentrum har inga framtid og berre ein gard er i drift.

Kva tenester er Volda kommune gode på?

Heimesjukepleien.

Heimehjelp.

Dei er gode på heimesjukepleie.

Helsetilboda.

Alders – sjukeheim.

Har erfart at kommunen tek godt vare på dei eldre.

Eldreomsorg.

Skule.

Skular.

Skular.

Her er mykje kulturprogram.

Mange typer.

Eg synast at dei er gode på det meste.

Ingen.

Kva tenester bør Volda kommune verte betre på?

Når det gjel dei eldre.

Eldreomsorg.

Eldreomsorgen kan verte betre.

Heimetenester.

Heimehjelp.

Legge til rette for eldre så dei kan bu lengst mogleg heime.

Meir tilsette på sjukeheimen.

Kommunen må blande seg bort i korleis dei nybygde husa skal sjå ut.

Legge til rette for kaffiprat og middagskjøp i sentrum.

Utvikle skule og bedre for eldre politikken.

At tenester og aktivitet gjeld heile kommunen.

Informasjon.

Kultur.

Korleis kan kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?

God sandstrøing på glatte fortau og meir oppmerka overgangar i gatene.
Halde vegane i orden og fri for snø om vinteren.

Oppretthalde og utvikle brannvesen, polititjenester og ikkje minst beredskap på bygdene.
Tilsett fleire ambulerande vaktmestarar som kan tilkallast ved behov.
Gjere alt ein kan for å ta vare på sjukehuset, med noverandre funksjonar.

Same rettar for alle, ikkje slik at enkelte kan gjere som dei vil, andre skal kneblast.

Utvikle det frivillige.

Høyre på kva dei gamle ynskjer.

Andre innspel til kommuneplanen:

Få til eit kulturhus – fleirbrukshus.
Eit stort ynskje for eldre i mange år er eit nytt kulturhus.

Ikkje meir eigedomsskatt.

Samarbeid Ørsta og Volda.

Spørsmåla er prega at Volda kommune er Volda sentrum,- det er viktig at heile kommunen er med i samfunnsplanen.

Grendalaga for Klepp, Engeset, Strand og Frøholm eksisterar ikkje. Her har kommunen eit ansvar.

Langtidsplanar for sentrumsutvikling av Volda sentrum.

Gjentakande svar/oppsummering

Kva viser du fram til besøk som aldri har vore i Volda før?

Kyrkja. Naturen. Utsikt frå Klepp. Haualeitet.

Kva type bustadar er det behov for i Volda, og kvar?

Leiligheiter i sentrum. Eldrebustadar i sentrum. Bustadar for eldre.

Korleis legge til rette for gode bumiljø for eldre?

Bustadar nær sentrum. Bufellesskap. Meir heimetenester. Transportmoglegheit.

Korleis ta vare på og utvikle gode kulturtilbod for eldre i Volda?

Nytt kulturhus. Tilbod på dagtid. Ta vare på det vi har.

Korleis nytte innvandrarak som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?

Skape møtepunkt og invitere til medlemskap i foreningar. Arbeid. Norskopplæring.

Korleis nytte eldre som ressursar?

Skape møtepunkt barn – eldre. Eldre kan vere besøksteneste.

Korleis førebygge einsemd og livstilssjukdommar hos eldre?

Besøke kvarandre meir. Møteplassar. Aktivisere dei.

Kva skal til for å få DEG til å gå eller sykle meir i kvardagen?

Fleire gode gangvegar og turstiar. Å få gå saman med andre.

Eg går der og dit eg klarar.

Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?

Samhald. Naturen. Gamle bygningar.

Korleis gjere Volda sentrum meir attraktivt for eldre?

Fleire benkar. Blomstrar og parkar. Gode møteplassar.

Kva kan Volda kommune gjere for å begrense klimautslepp og ta vare på miljøet?

Redusere biltrafikk i sentrum. Betre busstilbod.

Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa i Volda?

Støtte bøndene. Ikkje bygge på dyrka mark.

Kva tenester er Volda kommune gode på?

Heimesjukepleie. Skule.

Kva tenester bør Volda kommune verte betre på?

Eldreomsorg.

Korleis kan kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?

Vinterdrift på vegar. Oppretthalde tenestefunksjonar.

Nyttige lenkar:



Kommuneplan for Volda. Planprogram. Framdriftsplan. Medverknad. Tall og statistikkar. Utfordringsnotat for Volda 2015.

Les meir på www.volda.kommune.no/plan



Aktivitetstilbod i Volda. Frivillige lag og organisasjonar.

Les meir på www.volda.kommune.no/tenester/helse/folkehelse/fysisk-aktivitet/aktivitetsplanar.aspx



Kommunestatistikk på nett. Fylkesstatistikk.

Les meir på <http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>



Planlegging etter plan- og bygningsloven. Nasjonale forventningar. Folkehelse. Kommunal planlegging. Samfunnssikkerhet. Universell utforming. Informasjon frå regjeringa.

Les meir på planlegging.no



Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00

